



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1984 - 14/11210

Saksbehandlar:
Ingvild Hjelmtveit
ingvild.hjelmtveit@meland.kommune.no

Dato:
09.07.2014

Ordinært skjønstilskot for 2015

Viser til brev der kommunane vert invitert til å kome med argument for ordinært skjønstilskot for 2015.

Meland kommune er takksam for det skjønstilskotet vi har motteke gjennom fleire år. Dette har vore naudsynt i ei tid med stor folkevekst og etterslep på kompensasjon gjennom inntektssystemet.

Sjølv om no ordninga med veksttilskot er forbetra slit vi likevel med å klare å byggje opp eit forsvarleg tenestetilbod parallelt med aukande innbyggjartal.

Meland kommunen har teke store grep for å rette opp økonomien og dekke inn akkumulert underskot. For å tilpassa utgiftene til inntektene har vi måtta ta med den kommunale drifta monaleg. Det har diverre gått ut over alle tenesteområder. Sjølv om vi prøver å skåne brukarane så langt som mogeleg klarer vi i dag ikkje å tilby oppgåver vi etter lov og forskrift er pålagde å yte. Vi må prioritere strengt innan kvart tenesteområde. Dette fører til at det ofte er lågterskeltilbod som fell vekk medan vi må prioritere dyrare tilbod lenger oppe på tenestemenyen.

I ein kommune med så stor folkevekst over tid klarer vi ikkje å auke opp kapasiteten i tenestetilbode i like raskt tempo som folkeveksten tilseier. Vi klarer heller ikkje å tilby nye og endra tenester som vert pålagt kommunane å yte. Ikkje minst går dette ut over barn og unge, men og innan tenesteområder som rus, psykiatri m.v som femnar alle aldersgrupper.

Vi ynskjer sjølv sagt å tilby innbyggjarane i Meland det same tenestetilbodet som andre kommunar tilbyr, og som kommunane har plikt til å tilby. Men vi har måtta halde igjen på stillingar og utgiftsvekst. Dette betyr at vi i stor grad må prioritere kven som får tenester og kva tenester dei får. Dette skapar reaksjonar då innbyggjarane opplever å ikkje få dei tenestene dei har krav på.

Vi står no over for ein situasjon der i komande økonomiplanperiode må byggje ut skulekapasiteten. Med dagens skulestruktur tilseier nøkterne prognosar 14 nye klassar i 4-års perioden. Trykket kjem særleg på Sagstad og Grasdal barneskular og Meland ungdomsskule. Vi vert nøydd til å byggje ut skulane då vi

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

manglar klasserom, spesialrom og arbeidsplassar for lærarane. For ytterlegare informasjon viser vi til nyleg vedteken økonomiplan. Kommunen har frå før høg lånegjeld grunne naudsynt utbygging av infrastruktur. Meland kommune er og eit pressområde når det gjeld utbygging. Skal Bergensregionen vekse med det tal ein ser for seg i fylkeskommunal e planar må ein del av busetjinga og fleire arbeidsplassar kome i Meland. Det å ta grep om samfunnsutviklinga er ei viktig kommunal oppgåve. Å kunne setje av tilstrekkeleg med midlar til ei forsvarleg og berekraftig planlegging meiner vi er heilt naudsynt. I dag er initiativet og grepet om utviklinga i for stor grad avhengig av private utviklarar då kommunen ikkje har hat mogelegheit til å prioritere nok ressursar, slik at vi har kunna setje oss i førarsete. Gode planprosessar kostar både tid og pengar, til konsulentutgreingar og interne ressursar.

Eg ber om at fylkesmanne ser dei utfordringane Meland står i og opprettheld skjønstilskotet på same nivå som i 2014.

Med helsing

Ingvild Hjelmtveit
Rådmann

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN